



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 13. november 2017 kl. 1730-2000

Stad: Brannstasjonen i Odda, kjellaren

Desse møtte: Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad. Jan Asbjørn Utne møtte til sak UFS 30/17.

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 27/17: Meldingar

UFS 28/17: Referat fra møte 10. mai og 20. juni 2017

UFS 29/17: Orientering om reinsjakt, hytteutleige med meir

UFS 30/17: Opprusting av traktorslepa mellom Nordmannslågen og Hansbu

UFS 31/17: Finansiering av ny fjellstyrehytte ved Nedsta Krokavatnet

UFS 32/17: Revidering av samarbeidsavtale mellom fjellstyret og Fjellstyra på Hardangervidda as

UFS 33/17: Orientering om prosessen rundt kommunesamanslåing og fjellforvaltning

UFS 34/17: Satsar for godtgjersle til styremedlemmene i 2017 og 2018

UFS 35/17: Eventuelt

Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

FUS 14/17: Orientering om sal av fiskekart med meir

FUS 15/17: Søknad om restaurering av steinbu i Mågehadlet

FUS 16/17: Revidert søknad om endring og flytting av utedo i Jakobsbu

FUS 17/17: Satsar for godtgjersle til styremedlemmene i 2017 og 2018

Steinar Langesæter/s/ Jørund Kvestad/s/ Hildegunn Espe/s/

Ragnar Ystanes/s/ Synnøva Sæbø/s/ Jan Asbjørn Utne/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer
Varamedlemmer
Fjellstyra på Hardangervidda as
Norges Fjellstyresamband
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog
Odda kommune
Ullensvang herad
Hardanger Folkeblad



Merknadar til innkalling:

Hildegunn Espe etterspurde sakspapir til Fellesstyret, jf. vedtak på møte i fjellstyret i møte 10. mai om at sakspapira til Fellesstyret skal sendast ut til medlemmene i Ullensvang fjellstyre. Sekretær orienterte på møtet om at dette blei gjort, og kan etter møtet bekrefte at sakspapira blei sendt ut til alle medlemmene i Ullensvang fjellstyre tysdag 7.11 (innkalling til medlemmene i Fellesstyret inkl. vara) og onsdag 8.11 (til dei av medlemmene i Ullensvang fjellstyre som ikkje er medlem eller vara i Fellesstyret).

UFS 27/17: Meldingar

Saksdokument:

20170510-145.0 Statskog - Nasjonale føringar for naturoppsyn i statsallmenning og SOU sine prioriteringar for ROU-tilskotsmidlar for 2017

20170518_622.0 Statskog - Løyve frå grunneigar, fjellrevprosjektet på Hardangervidda og Finse_Hallingskarvområdet

20170518-610 Leif Olav Lutro – Lesarinnlegg

20170523-362.1 Statskog - Svar på søknad om flytting og utviding av do_sikringsbu ved Jakobsbu

20170712-145.4 Statskog - Tildeling av midlar frå Grunneirfondet

20170825 - Buskerud fylkeskommune - Rullering av regional plan for Hardangervidda. Melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

20170906-145.9 Statskog - Tildeling ROU aktivitetsmidler for 2017

20171002-331 Statskog - Vedr. undersøkelser av berggrunn for mineraler innenfor Ullensvang statsallmenning

20171017-433.1 DNT - Varsel om re�arding av ruter på Hardangervidda

20171103-331 Eirik Børte - Vedr. undersøkelser av berggrunn for mineraler innenfor Ullensvang statsallmenning

Referat:

Sekretær og leiar gjekk gjennom meldingane. Det blei stilt spørsmål ved om tildelinga frå Grunneirfondet gjaldt ein søknad frå fleire år tilbake i tid, eller om det gjaldt ein søknad om midlar til ombygging av fjellstyrehytta på Raudåna som blei sendt inn i mars 2017. Sekretær orienterte om at overskrifta på tildelingsbrevet tilseier at dette gjeld søknaden som blei sendt inn i mars 2017. Sekretær sender ein førespurnad til Statskog for å få avklart kva søknad det gjeld, og om det eventuelt står att midlar på ei tildeling frå fleire år tilbake i tid.



Leiar orienterte om at han er innkalla til eit møte med DNT og Riksantikvaren om mogleg merking av Søndre Nordmannsslepa. Til orientering ligg Søndre Nordmannsslepa ikkje i Ullensvang statsallmenning.

Vedtak (sak UFS 27/17):

Styret tek meldingane til orientering.

UFS 28/17: Referat frå møte 10. mai og 20. juni 2017

Saksdokument:

- 28-17 Møtebok frå møte i Ullenvang fjellstyre 10. mai 2017
- 28-17 Møtebok frå møte i Ullenvang fjellstyre 20. juni 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner referata frå møta 10. mai og 20. juni 2017.

Referat:

Hildegunn Espe etterlyste årsmelding for 2016 som sak til møtet, jf. vedtak på møte 10. mai om at sekretæren skulle utarbeide årsmelding 2016 til neste møte. Sekretær beklagar at han ikkje har fått gjort dette. Det blir utarbeida årsmelding for 2016 i samband med årsmelding for 2017.

Vedtak (sak UFS 28/17):

Med merknaden om årsmelding 2016 godkjenner styret referata frå møta 10. mai og 20. juni 2017.



UFS 29/17: Orientering om reinsjakt, hytteutleige med meir

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Reinsjakt:

Søknadsprosess

Det blei for fyrste gong nytta Inatur som salsportal for reinskarta. Det sparte sekretæren for mykje arbeid, då det ikkje var naudsynt å manuelt ta i mot søknadar og registrere dei. Salssida på Inatur bestod av ulike pakkar med kort som jegerane skulle velje mellom. Opplegget var noko komplisert, og bar preg av å ikkje vera godt tilpassa fjellstyret sitt behov. Ein del jegerar hadde problem med å forstå søknadsprosedyren. Korta blei trekt automatisk av Inatur, og jegerane fekk tilsendt e-post med info om kva dei var tildelt, med lenke til betalingsløysing. Dette gjekk stort sett greitt. Eit «problem» var at jegeravgifta måtte vera betalt før jegerane fekk betalt for korta. Dette blei det opplyst om i fleire e-postar til søkerane, men det var likevel ein del som ikkje hadde fått det med seg. Innanbygds jegerar fekk utsett frist for å betale, slik at alle som ville fekk moglegheit til å ta i mot korta.

Fordelar med Inatur-løysinga:

- Automatisk registrering av søknadar, trekking og tildeling.
- Betalinga blir gjort samtidig med tildelinga.
- Registrering av betalt jegeravgift ligg inne i systemet, slik at ein slepp å kontrollere ved utdeling av korta.
- Sparar mykje kontortid.

Ulemper med Inatur-løysinga:

- Uferdig system som treng ein del tilpassing før neste sesong.
- På grunn av at systemet ikkje var så gjennomtenkt og tilpassa vårt behov som det burde ha vore, blei det ein god del arbeid for sekretæren med å få selt dei siste korta.
- Pris: Inatur tek 5 % i provisjon.

Alt i alt er sekretæren si oppfatning så langt at fjellstyret bør halda fram med å bruka Inatur for sal av reinskarta. Sekretærane for dei fire fjellstyra rundt Hardangervidda som har nytta Inatur i år skal ha møte med Inatur no i haust, der me går gjennom erfaringane frå i år, og ser på forbeteringar til neste år. Me trur at dette vil bli bra med ein del tilpassingar og forbeteringar til neste år.

Det kostar litt å bruke Inatur, men tida ein sparar på dette gjer at arbeidssituasjonen for sekretæren vil vera langt betre i sommarhalvåret – både med tanke på å få tid til felterbeid og avvikling av ferie.

Kortretur



Det var i utgangspunktet ikkje opna for kortretur og vidaresal av reinskort. Det blei likevel seld vidare nokre få kort uti jakta. Leiar i fjellstyret tok seg av dei fleste av desse sala. I år med høg kvote er det mindre behov for kortreturordning, og det var heller ikkje noko stor pågang i år. Dersom det blir lågare kvote dei kommande åra bør fjellstyret vurdere å ha ei slik ordning. Sekretæren meiner dette kan handsamast av kontoret innimellom oppsynsarbeid, dersom det blir organisert på rett måte.

Kortsal

Alle korta fjellstyret var tildelt blei seld. Det blei seld 288 kort via Inatur - 84 fritt dyr og 204 s/u. Av desse var 80 s/u-kort til utanbygds. Total omsetnad via inatur var kr 724.800,-. Provisjonen til Inatur var på kr 44 040,-. Utbetalt til fjellstyret var kr 669 750,-.


Resten av korta blei seld frå kontoret. Berre seks innanbygds jegerar hadde ikkje moglegheit til å søke via Inatur og fekk difor søke på «gamlemåten». Resten av salet via kontoret var til innanbygds som ikkje hugsa å søke via Inatur innanfor fristen, endring frå S/U til F for innanbygds jegerar, og sal til utanbygds jegerar etter fyrste tildeling via Inatur. Totalt blei det seld kort frå kontoret for i underkant av kr 200 000,-. I tillegg blei det vidareselt kort uti jakta for kr 14 800,- (ein stor del av dette går ut att i form av refusjon til dei som leverte inn kort).

Felling

Tabell 1: Fellingsresultat på Ullensvang fjellstyre sine kort.

	Bukk	Simle	Ungdyr hann	Ungdyr ho	Kalv hann	Kalv ho	SUM
Kort på HA 282	29	31	10	4	14	8	96
Kort på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen	4	1	0	3	1	1	10

Det blei felt dyr på 80 av korta til Ullensvang fjellstyre. Det gir ei felling på 20,9 % av korta (totalt 382 kort). Det blei felt på 9 av dei 37 korta Ullensvang fjellstyre hadde med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen. Det gir ei felling på 24,3 % av korta. Det blei felt bra med dyr fram til 31. august, og berre seks dyr frå 1. september og ut jakta.



Figur 1: Felling fordelt på dato.

Hytteutleige

Utleige av hyttene har blitt gjort som tidlegare år, med ein søknadsfrist 2. mai, og deretter tildeling av ledig periode etter kvart som det kom inn førespurnadar. Nettsida har blitt brukt til ein viss grad for å gjera tilbodet kjent. Stort sett har det vore lite belegg på hyttene. Ei ordning med hyttebooking på nett og kodeboks med nøkkel på kvar hytte vil truleg føre til ein auke i bruken av hyttene. Ikkje minst i reinsjakta, då jegerane ofte vil bestemme seg for å reise til fjells på kort varsel. Det har blitt fakturert om lag kr 60 000,- for hytteleige i år. Lavvoen ved Midtre Grøndalsvatn har vore lite brukt. I boka er det ført opp 23 overnattingar. Dette utgjer kr 920,- (40,- per overnatting). Det har gått med mykje ved i lavvoen. Det kjem nok av at det er lite effektivt å halda varmen i ein lavvo, samtidig som det truleg er ein del som er innom på dagsbesøk som ikkje har ført seg opp i boka.

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Referat:

Hildegunn Espe kommenterte at det var uheldig at det blei gjennomført kortretur når det på førehand var opplyst om at det ikkje var kortreturordning i år.

Styret ynskjer at sekretær førebud ei sak om hytteleige til neste møte. Tema som skal takast opp er ordning for utleige av hyttene, prisar, kodeboksar til nøkkel og eventuell skifte av lås på hyttene.

Vedtak (sak UFS 29/17):

Med merknadane som kom fram på møtet tek styret orienteringa til vitande.



UFS 30/17: Opprusting av traktorslepa mellom Nordmannslågen og Hansbu

Saksdokument:

- 30-17 Hordaland fylkeskommune - Kulturhistoriske registreringar - Traktorslepa mellom Sandhaug og Hansbu på Hardangervidda
- 30-17 Notat traktorslepa Lågen-Hansbu
- 30-17 Fylkesmannen i Hordaland - Løyve til utbetring av traktorslepa
- 30-17 Referat etter synfaring på traktorslepa Normannslågen- Hansbu 18.10.17

Saksutgreiing:

Hordaland fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar langs traktorslepa mellom Sandhaug og Hansbu i sommar (rapporten ligg vedlagt saka). Føremålet med registreringa var å kartlegge eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne langs slepa. I område med konflikt vart alternative strekningar for traseen peika ut.

Rapporten konkluderer med at traktorslepa stort sett kan utbetrast i eksisterande trase utan at dette vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne. Det blir peika på tre kritiske punkt der det må visast særleg omsyn:

- Ved Holmsbustryken sør for Sandhaug: Utbetring må gjerast i eksisterande trase. Traseen kan ikkje utvidast, og det kan ikkje gjerast inngrep utanfor traseen. Ved eventuell gjenfylling av sidesleper må ein her følgje eksisterande køyrespor, og ikkje køyre tunge maskiner ut i urørt terren. Dette kan skade kulturminna som ligg like ved slepa.
- Ved fangstanlegget id 134016 (Vestre Lakadalen) kan det ikkje gjerast noko form for inngrep verken aust eller vest for eksisterande trase.
- Ved dyregrav id 134021 (nedst i Rogdabrotet) er eksisterande trase av traktorslepa i direkte konflikt med dette kulturminnet. Traseen må her flyttast mot vest/sørvest for å unngå ytterlegare skade på kulturminne.

Fylkesmannen i Hordaland har gitt løyve til utbetring av traktorslepa. Løyvet er gitt med vilkår om at alle dei kulturminnefaglege føringane som kom fram i rapporten frå fylkeskommunen blir følgt, og då særskilt dei tre punkta som er trekt fram i rapporten. Arbeidet må avsluttast innan 10.8.2020.

Det blei halde synfaring på traseen med deltakarar frå fjellstyret, samt Leif Einar Lothe, som er interessert i jobben med utbetring av slepa. Referatet frå synfaringa ligg vedlagt saka. Leif Einar Lothe har stipulert kostnaden for arbeidet til kr 500.000,- inkl. mva. I tillegg har fjellstyret hatt utgifter i samband med synfaringar, samt transport av personell frå fylkeskommunen i samband med arkeologiske registreringar. Desse utgiftene kan stipulerast til inntil kr 100.000,-



Fylkesmannen har gitt løyve etter verneforskrifta. Det manglar løyve frå Statskog, Eidfjord kommune og Ullensvang herad – men dette er venta innan kort tid.

Finansiering:

Det vil bli søkt om spelemidlar til prosjektet. I tillegg kan fjellstyret vurdere å söke om midlar frå vernestyresmaktene («bestillingsdialogen»), Grunneigarfondet og Sparebankstiftinga.

Det er ein føresetnad for tildeling av spelemidlar at fjellstyret gjer vedtak om å sette av midlar til å finansiere prosjektet.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre vedtek å rusta opp slepa mellom Nordmannslågen og Hansbu, føresett at det blir gitt løyve frå alle instansar.

Ullensvang fjellstyre set av eigne midlar til å finansiere prosjektet, basert på eit prisestimat på 600.000,-

Referat:

Steinar Langesæter og Jan Asbjørn Utne orienterte om saka, frå oppstart med synfaring i 2012 fram til kulturhistoriske registreringar sommaren 2017 og løyve etter verneforskrifta frå Fylkesmannen hausten 2017.

Styret slutta seg til framlegg om vedtak om å rusta opp slepa, føresett at det blir gitt løyve frå alle instansar.

Hildegunn Espe kom med framlegg om å auke ramma på midlar til utgifter knytt til prosjektet ut over arbeidet som skal utførast av entreprenør (som planlegging, synfaringar med meir) til kr 200.000,- slik at total ramme for prosjektet blir kr 700 000,-.

Styret vil tilby Nå Maskin as ved Leif Einar Lothe å utføre arbeidet innanfor ei ramme på kr 500 000,- inkl. mva. Sekretær utarbeidar eit utkast til avtale med entreprenør. Styret får utkast til avtale lagt fram som sak til neste styremøte.

Styret vil etablira ei byggenemnd beståande av Steinar Langesæter, Jan Asbjørn Utne og Jørund Kvestad.

Vedtak (sak UFS 30/17):

Ullensvang fjellstyre vedtek å rusta opp slepa mellom Nordmannslågen og Hansbu, føresett at det blir gitt løyve frå alle instansar.

Ullensvang fjellstyre set av eigne midlar til å finansiere prosjektet, basert på eit prisestimat på 700.000,-



Ullenvang fjellstyre tilbyr Nå Maskin as ved Leif Einar Lothe å utføre arbeidet innanfor ei ramme på kr 500 000,- inkl. mva. Sekretær utarbeidar eit utkast til avtale med entreprenør. Styret får utkast til avtale lagt fram som sak til neste styremøte.

Styret etablerer ei byggenemnd bestående av Steinar Langesæter, Jan Asbjørn Utne og Jørund Kvestad.

Samrøystes vedteke.

UFS 31/17: Finansiering av ny fjellstyrehytte ved Nedsta Krokavatnet

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det er ein føresetnad for tildeling av spelemidlar at fjellstyret gjer vedtak om å sette av midlar til å finansiere prosjektet. Fristen for å sende inn søknad om spelemidlar i år er 15. november. Fjellstyret bør difor gjera vedtak om at prosjektet blir finansiert med eigne midlar dersom ein ikkje får tildelt spelemidlar eller andre tilskotsordningar.

Kostnad:

Byggmeister Samson Kjoberg er tildelt jobben på grunnlag av eit anbod på kr 578 969,- Fjellstyret har gjort grunnarbeid på dugnad, og kostnadane til dette kan stipulerast til inntil kr 100 000,-

Framlegg til vedtak:

Ullenvang fjellstyre vedtek å finansiere bygging av ny fjellstyrehytte ved Nedsta Krokavatnet med eigne midlar, basert på ein total kostnad på om lag 680 000,-

Referat:

Det var semje i styret om å setja av midlar til prosjektet.

På tidspunktet møtet vart halde gjenstod det noko arbeid med utarbeiding av kosnadsestimat for arbeidet fjellstyret har og kjem til å få med arbeidet ut over å setja opp bygget (som er sett vekk til entreprenør). Dette omfattar blant anna planlegging, teikningar, kostnadsestimat, grunnarbeid og riving av det gamle naustet.

Ragnar Ystanes og sekretær har etter møtet gjort ferdig kostnadsestimatet. Kostnadane til dette arbeidet er estimert til kr 189.000,- slik at total kostnad til prosjektet blir 767.969,-

**Vedtak (sak UFS 31/17):**

Ullenvang fjellstyre vedtek å finansiere bygging av ny fjellstyrehytte ved Nedsta Krokavatnet med eigne midlar, basert på ein total kostnad på om lag 767 969,-

Samrøystes vedteke.

**UFS 32/17: Revidering av samarbeidsavtale mellom fjellstyret og Fjellstyrha
på Hardangervidda as****Saksdokument:**

- 32-17 Samarbeidsavtale - mal

Saksutgreing:

Frå opprettinga av Hardangervidda Fjelloppsyn as i 1997 har samarbeidet mellom det einskilde fjellstyre og fjelloppsynet vore regulert i 5-årige avtalar. Noverande avtale er gyldig fram til 31.12.2017.

I styremøte i Fjellstyrha på Hardangervidda as 20.6.2017 vart det vedteke ny avtalemål for nye 5-årige avtalar som byggjer på dei tidlegare avtalane. Avtalane har same tekst for alle fjellstyra.

Fjellstyrha på Hardangervidda as ber om at fjellstyret handsamar avtala innan 20.12.2017.

Framlegg til vedtak:

Ullenvang fjellstyre signerer avtalen gjeldande for perioden 1.1.2018 til 30.6.2022..

Referat:

Saka blei kort drøfta på møtet. Det var ingen motførrestillingar mot å signere avtalen slik han ligg føre.

Vedtak (sak UFS 32/17):

Ullenvang fjellstyre signerer avtalen gjeldande for perioden 1.1.2018 til 30.6.2022..

Samrøystes vedteke.



UFS 33/17: Orientering om prosessen rundt kommunesamanslåing og fjellforvaltning

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I samband med kommunesamanslåinga har det vore diskutert i Fellesnemnda for Ullenvang kommune om det skal oppretta ei arbeidsgruppe som ser på fjellforvaltning i den nye kommunen. På tidspunktet sakspapira blir sendt ut er det ikkje avgjort om det blir oppretta ei slik gruppe. Dersom gruppa blir oppretta må fjellstyret velja representantar frå fjellstyret til denne gruppa.

Styreleiar orienterer om saka på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Styreleiar orienterte om saka. Styreleiar har tidlegare informert styret om at framtidig forvaltning av statsallmenningen skal takast opp som ei sak i fjellstyremøte i løpet av sommaren (i e-post sendt til styret 3.7.2017). Dette møtet har ikkje blitt gjennomført. Styreleiaren orienterte vidare om at det har blitt halde eit møte med Steinar Langesæter og Ragnar Ystanes frå Ullenvang fjellstyre og Eivind Tokheim frå Odda fjellstyre der det blei sett opp ein del punkt som aktuelle tema for ei eventuell arbeidsgruppe. Konklusjonen frå dette møtet var at det var ynskjeleg med to representantar frå kvart fjellstyre i denne arbeidsgruppa. På grunnlag av dette ynskjer styreleiar at styret vel to representantar til arbeidsgruppa.


Steinar Langesæter kom med framlegg om fyljande representantar til arbeidsgruppa: Steinar Langesæter og Ragnar Ystanes (forslag 1)

Hildegunn Espe kom med framlegg om fyljande representantar til arbeidsgruppa: Steinar Langesæter og Synnøva Sæbø (forslag 2)

Styret stemte med handsopprekking for dei to forslaga. Forslag 1 fekk tre stemmer (Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes og Jørund Kvestad), og vart med det valt med tre mot to stemmer.

Vedtak (sak UFS 33/17):

Ullenvang fjellstyre vel fyljande representantar til ei eventuell arbeidsgruppe: Steinar Langesæter og Ragnar Ystanes.



Vedtaket er gjort med tre stemmer (Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes og Jørund Kvestad) mot to (Hildegunn Espe og Synnøva Sæbø).

UFS 34/17: Satsar for godtgjersle til styremedlemmene i 2017 og 2018

Saksdokument:

Saksutgreing:

I fylgle fjellova § 7 skal heradsstyret fastsetja godtgjersla, etter framlegg frå fjellstyret. Godtgjersla vert utgreia av fjellkassa. Er det ikkje tilstrekkelege midlar i fjellkassa, vert godtgjersla utgreia av kommunekassa.

Heradsstyret har ikkje vedteke møtegodtgjersle i fjellstyret for 2017. I samråd med heradet blir det difor lagt opp til at fjellstyret gjer vedtak om godtgjersle for 2017 og 2018.

Heradsstyret vil handsame sak om godtgjersle for dei to åra i heradsstyremøte i november.

Møtegodtgjersle for møte i fjellstyret


I perioden 2005 til og med 2015 har fjellstyret hatt ei møtegodtgjersle på kr 500,- per møte. I 2016 var møtegodtgjersla heva til kr 600,- per møte. Møtegodtgjersla har vore ein fast sum uavhengig av lengda på møta.

Møtegodtgjersle for styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as / møte utanfor fjellstyret

Når fjellstyremedlemmer deltek på andre møte, som representantar for fjellstyret, har praksisen vore at dei får dekka tapt arbeidsforteneste, tilsvarande som reglane for folkevalde i Ullenvang herad, men ikkje møtegodtgjersle. Dette gjeld til dømes styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as. Vedtaket kan gjelde frå og med året 2017, fram til fjellstyret gjer eit nytt vedtak.

Godtgjersle for leiar og nestleiar

Godtgjersle for leiar var fram til og med 2015 kr 10.000,- pr. år. I 2016 blei godtgjersla endra til kr 12.500,- for leiar, og det blei vedteke at nestleiar skulle ha kr 10.000,- i godtgjersla. Desse satsane blei oppretthalde for 2017, i sak 08/17 i styremøte 14.2.2017. Bakgrunnen for auka godtgjersle til nestleiar var at nestleiaren brukte mykje tid på tilsyn og ansvar med



fjellstyret sine hytter, samt at det var meir arbeid for nesteleiar i samband med sekretæren si sjukemelding.

Reisegodtgjersle og godtjersle for tapt arbeidsforteneste

For reiser og tapt arbeidsforteneste har fjellstyret fylgd reglane for folkevalde i Ullenvang herad. Det har tidlegare ikkje blitt gitt anna godtjersle for dugnadsarbeid i fjellet enn refusjon for faktiske utgifter. I mange år hadde fjellstyret dårleg økonomi, og det var difor av økonomiske årsaker naturleg å ikkje gi refusjon for tapte arbeidskostnadar for slikt arbeid. No er økonomien til fjellstyret bra, men svært avhengig av storleiken på reinskvota. Det er sannsynleg at reinskvota blir lågare dei neste åra enn ho har vore dei siste åra, og ein må difor rekne med at inntektene til fjellstyret vil bli lågare.

Framlegg til vedtak:

Ullenvang fjellstyre vil ovanfor heradsstyret i Ullenvang føreslå fylgjande satsar for medlemmene i Ullenvang fjellstyre i 2017:

- Kr 600,- pr. møte, uavhengig av om det er korte eller lange møte
- Reiser og tapt arbeidsforteneste: Fylgje reglane og satsane for folkevalde i Ullenvang herad
- For dugnadsarbeid i fjellet vert det ikkje gjeve anna godtjersla enn refusjon for faktiske utgifter.
- Godtgjersla til leiar vert sett til kr 12.500,- pr. år
- Godtgjersla til nestleiar vert sett til kr 10.000,- pr. år

Ullenvang fjellstyre vil ovanfor heradsstyret i Ullenvang føreslå fylgjande satsar for medlemmene i Ullenvang fjellstyre i 2018:

- Kr 600,- pr. møte, uavhengig av om det er korte eller lange møte
- Reiser og tapt arbeidsforteneste: Fylgje reglane og satsane for folkevalde i Ullenvang herad
- For dugnadsarbeid i fjellet vert det ikkje gjeve anna godtjersla enn refusjon for faktiske utgifter.
- Godtgjersla til leiar vert sett til kr 12.500,- pr. år
- Godtgjersla til nestleiar vert sett til kr 10.000,- pr. år

Godtgjersle for møte utanfor fjellstyret:

- For møte utanfor fjellstyret der fjellstyremedlemmer representerer fjellstyret får medlemmene dekka tapt arbeidsfortense i tråd med reglane for folkevalde i Ullenvang herad. Dette vedtaket gjeld fram til fjellstyret gjer eit nytt vedtak.



Vedtaka er gjort med heimel i fjellova § 7.

Referat:

Etter at innkallinga til møtet var sendt ut såg sekretæren på denne saka på nytt. Det viser seg at vedtaket som blei gjort i sak UFS 38/15 på møte i fjellstyret 26.11.2015 var meint å gjelda for valperioden 2016-2019. Dette kom ikkje godt fram i saksutgreiinga den gongen, og det er usikkert om Ullensvang herad har oppfatta dette som eit fleirårig løyve. I vedtaket frå 2015 mangla det eit punkt om godtgjersle for møte utanfor fjellstyret. I tillegg må det gjerast vedtak om eventuell godtgjersle til nestleiar for 2018, då dette vedtaket ikkje var fleirårig.

Saka blei kort diskutert på møtet. Fjellstyret ynskjer å gjera eit nytt vedtak for resten av valperioden (åra 2017, 2018 og 2019). Jørund Kvestad kom med framlegg om at godtgjersle til nestleiar på kr 10.000,- pr. år skal gjelda ut valperioden. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 34/17):

Ullensvang fjellstyre vil ovanfor heradsstyret i Ullensvang føreslå fylgjande satsar for medlemmene i Ullensvang fjellstyre for åra 2017, 2018 og 2019:

- Kr 600,- pr. møte, uavhengig av om det er korte eller lange møte
- Reiser og tapt arbeidsforteneste: Fylgje reglane og satsane for folkevalde i Ullensvang herad
- For dugnadsarbeid i fjellet vert det ikkje gjeve anna godtgjersla enn refusjon for faktiske utgifter.
- Godtgjersla til leiar vert sett til kr 12.500,- pr. år
- Godtgjersla til nestleiar vert sett til kr 10.000,- pr. år
- For møte utanfor fjellstyret der fjellstyremedlemmer representerer fjellstyret får medlemmene dekka tapt arbeidsforteneste i tråd med reglane for folkevalde i Ullensvang herad.

Samrøystes vedteke.

UFS 35/17: Eventuelt

Leiar orienterte om at det vil bli lagt fram forslag i møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning om at Fellesstyret dekker kostnadane til deltaking på haustmøtet arrangert av Villreinrådet i Eidfjord 24.-25. november for dei to fjellstyra sine medlemmer.

Styret etterspør svar frå Skjold Beitelag om forslag til avtale om bruksrett av uthus ved fjellstyrehytta på Raudåna. Sekretær tek kontakt med Skjold Beitelag og etterspør dette.

Kort orientering om arbeidet med ny do på Hansbu. Det var gjennomgåande positiv innstilling blant hytteeigarane som stilte på møte i sommar. Ikkje alle har stadfesta at dei er med på eit



spleiselas med ei ramme på inntil 5-6000,- per hytteeigar, men ingen har gitt negativ tilbakemelding. Sekretær lagar eit utkast til avtale med hytteeigarane, som styret får til handsaming på eit seinare møte.

Saker til Fellesstyret for Ullenvang statsallmenning:

Det blei ikkje tid til å gå gjennom sakene til møtet i Fellesstyret for Ullenvang statsallmenning.

FUS 14/17: Orientering om sal av fiskekort med meir

FUS 15/17: Søknad om restaurering av steinbu i Mågehadlet

FUS 16/17: Revidert søknad om endring og flytting av utedo i Jakobsbu

FUS 17/17: Satsar for godtgjersle til styremedlemmene i 2017 og 2018